

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FE-150	23/487

Saksnr	Utval	Type	Dato
081/23	Formannskapet	PS	28.11.2023
	Kommunestyret	PS	

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste 2023 (gebyrregulativ byggesak og oppmåling mm)

Vedlegg:

Gebyrregulativ 2024  
gebyrregulativ 2023

**Saksutgreiing:**

**Saksopplysningar**

I 2022 gjekk oppmålingsingeniøren/teknisk sjef i Fedje kommune av med pensjon. For å løyse det kommunale behovet innan oppmåling, matrikkelføring og informasjon/rådgjeving til innbyggjarane kjøpar Fedje kommune denne tenesta av Austrheim kommune. Det var naudsynt å auke gebyr knytt til kart og oppmåling for 2023 slik at gebyra stetter sjølvkostprinsippet. På grunn av manglande kapasitet blei det ikkje nokon auke i dei andre gebyra innan teknisk forvaltingsteneste.

I 2023 har det ikkje vært tilsett folk på teknisk/samfunnsutvikling til å sakhandsame plan og byggesaker, delesaker og andre saker knytt til plan og bygningslova før 1. oktober. Fedje kommune har difor leigd inn konsulent frå privat firma for å stette lovkrava knytt til kommunen sitt ansvar for å handsame plan og byggesaker innan fristane som er sett i lova. Dette har blitt ei dyr løysing, der me ikkje har klart å halde sjølvkostprinsippet. No har me klart å rekruttere kompetanse, og for 2024 vil Fedje kommune klare å handsame desse sakene sjølv.

Fedje kommune sitt gebyrregulativ for teknisk forvaltingsteneste har ikkje vært justert for prisvekst, og det fleire av satsane i gebyrregulativet ligg langt under nabokommunane sine satsar.

Viss ikkje kommunen har eit gebyrregulativ som er i samsvar med kostnadane knytt til sakshandsaming vil dette føre til at kommunen «sponsar» alle som søker etter plan og bygningslova.

Kommunedirektøren legg difor fram forslag til gebyrregulativ for 2024 som er på linje med gebyra til Austrheim kommune. For dei fleste satsane vil gebyret auke. Det er og lagt inn betaling for nokre tenestene som kommunen ikkje har teke betaling for tidlegare. Nokre satsar er og redusert eller satt til kr 0,- for å kunne være på same nivå med Austrheim kommune.

Det har vært eit politisk ynskje å halde desse gebyra låge for å stimulere til vekst og utvikling på Fedje. Kommunedirektøren si vurdering er at det ikkje er riktig å «subsidiere» enkeltpersonar eller verksemder sine søknadar, og at kommunen må halde seg til sjølvkostprinsippet.

**Konklusjon**



Kommunedirektøren foreslår at lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune 2024 vert vedteke slik regulativet ligg føre.

Lovheimel : Sjå regulativet som er vedlagt saka.

**Forslag til vedtak:**

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste (gebyrregulativ) for Fedje kommune 2024 vert vedteke slik regulativet ligg føre.